



Lindås IL  
John Helge Walderhaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3130 - 15/24308


Saksbehandlar:  
Therese Urdahl Braseth  
Therese.Braseth@lindas.kommune.no

Dato:  
02.07.2015

## Søknad om løyve til plassering av salsvogn på hjul - Lindås Idrettsplass

Viser til din epost av 01.07.15 kor du på vegne av Lindås IL søker om løyve til å plassere salsvogn på hjul på Lindås idrettsplass, samt møte same dag.

Det vert med dette gitt løyve til å plassere salsvogna på avmerka plass.



Føresetnadene er som følgjer:




- Vogna må fjernas for eiga rekning innan en måned etter skriftleg varsel frå kommunen viss kommunen treng plassen sjølv midlertidig eller permanent.
- Lindås IL betalar sjølv alle kostnader med vogna, også vasstilknytning. Ved fjerning kan ein ikkje få dette erstatta av Lindås kommune.
- Lindås IL er ansvarleg for skader og hærverk på vogna, og må halde det ryddig i området rundt.

Sjå og vedlagt svar frå Arne helgesen teknisk drift vdr vasstilknytning:

*Lindås Idrettslag ønskjer å få tilkopling til vatn og avløp til ei ny bod v. den nye kunstgrasbana. Lindås Kommune og Frode Nævdal frå Lindås Rør held no på med montering av nye brannhydranter, den eine skal stå v. pkt. A. Spillvannskum er v. pkt. B og ønska plassering av bod er v. pkt. C. Dette arbeidet vil Lindås Idrettslag ha gjort no når det er maskiner på plass. Lindås Rør må da sende inn rørleggermelding m. situasjonsplan. Alt arbeid med framlegging av vatn og avløp til bod, må kostast av idrettslaget. Boden skal kun brukast sommarhalvåret, det må difor vera tilrettelagt for at ein kan tapppe ned anlegget for vatn, før vinteren, og det må sjølvsgt vera vannmåler.*

Arne Helgesen  
 Avdelingsleiar Teknisk VA  
 Lindås Kommune  
 Tlf.56375669 mob. 95945434



Med helsing

Therese Urdahl Braseth  
 einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Atle Vaage

Arne Helgesen

**Mottakrar:**  
Lindås IL